

Vår ref.:
20/20999Saksbeh.:
GTArk.:
F61, &30

Dykkar ref.:

Dato:
04.09.2020

Retningslinjer for sal og skjenking av alkohol i Sula kommune Gjeldande frå 01.10.2020

Ref: Handlingsplan for rusmiddelarbeid 2020 – 2024 K-sak 067/20

Søknad og tildeling

Digitalt [søknadsskjema](#) m/retteleing ligg på kommunen sin heimeside, og omfattar både faste og ambulerand løyve.

[Alkoholloven](#) med forskrifter, samt dei til ei kvar tid gjeldande alkoholpolitiske retningslinjene for sal/skjenking, ligg til grunn for tildeling av løyve.

Fast/alminnelig skjenkeløyve

Utover [normalbestemmelsane](#) i alkoholloven, skal følgjande skjenketider gjelde for Sula kommune:

For øl og vin:

Søndag - torsdag:
frå kl 11.00 den eine dagen til kl 01.00 den neste dag

Fredag og laurdag:
frå kl 11.00 den eine dagen til kl 02.00 den neste dag

For brennevin:

Søndag - torsdag:
frå kl 13.00 til kl 24.00

Fredag og laurdag:
frå kl 13.00 den eine dagen til kl. 02.00 den neste dag.

I romjula/nyårshelg og påska gjeld opningstider som for fredag og laurdag.

Skjenking på uteområde i tilknytning til skjenkestaden skal fysisk avgrensast/merkast, og på ein slik måte at det ikkje hindrar eller er til sjenanse for alminnelig ferdsel. Skjenking av varegruppe 3 på uteområde er ikkje tillatt, med mindre området er innebygd og med direkte adkomst frå skjenkelokalet.

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70 19 91 00

E-post:
post@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
4212.23.28079
Skattekonto:
6345 06 15317
Foretaksnr.:
964 980 543

Fast /alminnelig salsløyve

Utover [normalbestemmelsane](#) i alkoholloven, er følgjande salstider gjort gjeldande for Sula kommune:

Kvardagar frå kl 08:00 til kl 20:00

Dagar før søn- og helligdagar frå kl 08:00 til kl 18:00, med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag, som har opningstid som for kvardagar.

Gebyr

For faste løyver skal kommunen avkreve gebyr i samsvar med satsane i alkoholloven m/forskrift.

Ambulerande løyve

For ambulerande løyve gjeld dei same sals- og skjenketidene som for faste løyver.

1. Ambulerande sals- og skjenkeløyver er tidsavgrensa, og gjeld normalt for ein dag.
2. Rådmannen får fullmakt til å tildele ambulerande løyve i samsvar med retningslinjene. Rådmannen innhentar uttale frå t.d. politiet om han finn det naudsynt.
3. Melding om tildeling av løyve skal sendast skjenkekontrollør og politiet.
4. Dersom det er tvil om tildelinga, skal saka leggjast fram for fagutvalet for helse- og sosial til avgjerd.
5. Søknaden må fremjast seinast 8 dagar før arrangementet skal haldast.
6. Ambulerande salsløyve for eigenprodusert alkohol i varegruppe 1 kan bli gitt til søkjarar med godkjend statlig tilvirkingsløyve.
7. Ambulerande skjenkeløyve for eigenprodusert alkohol i varegruppe 1 og 2 kan bli gitt til søkjarar med godkjend statlig tilvirkingsløyve
8. For ambulerande løyver skal løyvehavar betale avgift til kommunen i samsvar med satsane i alkoholloven m/forskrift.
9. Ved misleghald bør løyvehavaren ikkje få nytt løyve før det er gått eitt - 1 – år.